



Einar Sofienlund  
Modalsvegen 537  
5729 MODALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16512 - 20/71682

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
11.11.2020

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - Dyrkolbotn kraftverk**

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: /  
Tiltakshavar: Nipo Kraft AS  
Ansvarleg søkjar: Einar Sofienlund

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.09.2020.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. I og med at det er gjeve konsesjon til tiltaket legg SAK10 § 4-3 første ledd bokstav b føringar for at saker som er regulert av konsesjonshandsaming er unnateke handsaming frå reglande i plan- og bygningslova som er vist til i § 4-3 første ledd. I denne saka er det kun dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen som skal handsamast. Dei generelle krava knytt til søknad om dispensasjon må vera oppfylt. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kvitivering for nabovarsel, opplysningar gjeve i nabovarsel eventuelle merknader og korleis desse er håndtert. I vedtak frå NVE datert 19.10.20 som omhandlar handsaming av detaljeplan for miljø og landskap går det fram at konsesjonæren, som vanleg i eldre konsesjonar, skulle orientere aktuelle partar tilsvarande nabovarsling og vidare syte for å ha tilgjengeleg dokumentasjon på dette og på handtering av eventuelle innspel etter varslinga. Tiltakshavar må vurdere om denne dokumentasjonen oppfyller kravet i plan- og bygningslova § 21-3.

2. Situasjonsskart som syner konfliktområder knytt til gjeldande omsynssoner / båndleggingssoner. Situasjonsskart frå Alver kommune der ein syner til gbnr. må nyttast.
3. Mellombels deponi og utviding av eksisterande parkeringsplass er omfatta av båndleggingssone knytt til E39. Delar av røyrsgata er også omfatta av båndleggingssona. Søknaden blir oversendt til blant anna Statens vegvesen for uttale. Ein føresetnad for at Statens vegvesen skal kunne gje uttale, er at det med søknaden fylgjer tilstrekkelig informasjon om utfylling/riggområde, omfang, plassering etc.
4. Det kan, basert på innsendt dokumentasjon, sjå ut som tiltaket omfattar utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse og mellombels avkøyrsløse til mellombels riggområde. Vi minner om at det må innhenta naudsynte løyve frå Statens vegvesen og/eller kommunen.
5. Det er noko uklart, basert på innsendt dokumentasjon, om vegar som er naudsynt for anlegget er avklart i konsesjonen. Vi minner om at eventuelle vegar som ikkje er avklart i konsesjonsaka er søknadsppliktig etter kapittel 20.
6. Bakgrunnsmateriale for konsesjon samt utsetting for oppstart, kan med fordel leggast med søknaden. Vilkår for å gje dispensasjon vil alltid vera tilstade når det er gjeve konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova og energilova om tiltaka er i tråd med konsesjonsvedtaket.
7. Området er omfatta av aktsomheitsområde for flaum og ras- og skredfare(H310). Vi legg til grunn at dette blir dokumentert i høve til vilkår frå NVE og at dei materielle krava i plan- og bygningslova blir ivartatt.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan **5.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Einar Sofienlund  
Nipo Kraft AS

Modalsvegen 537  
Dyrkolbotn 119

5729  
5994

MODALEN  
VIKANES